

Årsmelding

Jostedal spel og dansarlag

1993

På årsmøtet 20. Februar vart desse valde inn i styret:

Lars M. Vigdal
Anders A Bjørk
Astrid Skjerdal Kroggjelet
Britt Elin Fossøy (ny)
Leif Fåberg (ny)

Varamenn:

Tordis Vigdal og Sigbjørn Åsen

Lars har vore leiar, Astrid kasserar og Anders skrivar.
Tordis har vore med på mesteparten av styremøta.

Valnemd:

Kari Halveg, Reidun Hesjevoll og Asbjørg Ormberg (ny)

Laget har i meldingsåret hatt 101 medlemmar derav 6 under 14 år.

Styret har hatt 9 styremøter + 2 møter med Parken A/L.
Laget har vore representert på møter i Bygdelaget.

YMSE TILSKIPINGAR:

24. april skipa laget, saman med Songkoret til Bosniakveld i Samfunnshuset. Me inviterte ei gruppe frå Harastølen. Dei hadde framsyning av Bosniske folkedansar. Me spela og dansa for dei , og me hadde ein koseleg kveld.

17. Mai var laget med på å skipa til den tradisjonelle feiringa - med regn heile dagen.

I år var det 3 lag som stod for den årlege marknaden i juli, og det gjekk bra.

Livsstilsarrangement saman med Parken A/L 11-13 juni
Dette starta fredag med konsert og dans i Samfunnshuset med fint program og god musikk. Diverre var det berre 49 betalande.

Kurs frå fredag til søndag i Samfunnshuset:

Toradarkurs v/ Kjell Bjarte Vonen
Songkurs v/ Elin Grytting
Felekurs v/ Vidar Underset

Laurdag var det buskspel i Parken, og om kvelden spela Johans og Elle's til dans.

Arrangementet vart avslutta med konsert på Breheimsenteret. Der var fullt hus og god stemning, med underhaldning av folkemusikk og dans.

Breheimsenteret vart offisielt opna laurdag, der det og vart framført folkemusikk v/ Harald, Asbjørg og andre.

21.november hadde laget basar i Samfunnshuset. Bra resultat. Harald og jentene spelte, og Anne Kristine og Morten dansa springar. Takk til dei som møtte fram.

Siste laurdag før jul, den 18. desember, var det julebord på kafeen. Oppmøtet var svært godt - rundt 90 medrekna spelemennene Morten og Ingar + Breatrekken. Alle kosa seg og me vart samde om at det må verta tradisjon siste helga før jul!

KURSVERKSEMD:

Helga 23.- 25. april skipa laget til kurs i pols med Ivar Skjelvan som kursleiar.

Harald spela 1 dag og Einar 1 dag.

Det var godt frammøte.

Laget har også i 1993 kjøpt instruksjon på hardingfele og lagspel gjennom Fylkeskommunen. Harald Hesjevoll har vore instruktør, og han er fylkesmusikar.

Sigrun og Lars har hatt ein god del øvingar i dans - spesielt føre kappleikar.

Utgiftene til slik instruksjon får me dekkja med 100% gjennom Norges Sang og Musikkråd og Luster kulturkontor.

Me vil oppmoda spelemenn og dansarar til å møte godt fram på øvingane.

Sigrun var på dommarkurs i dans på Vassenden i Jølster.

Me deltok og med spel og dans på Jostedal skule sitt jubileum.

KAPPLEIKAR:

Fylkeskappleiken var i Dale i Sunnfjord.

Me deltok i dans, spel og song.

Av resultatata kan me nemna at Asbjørg Ormbreg vart fylkesmeister i song, og Arve Rønneid i durspel senior.

Landskappleiken på Lillehammar:

Britt Elin, Mari og Ann Kristin debuterte i hardingfele kl.C.

- tøft gjort på ein så stor kappleik. Ellers var dansarar med.

Anne Kristine og Morten var 1 poeng frå å danse seg opp i kl.A Vestlandskappleiken var på Sandane.

Me deltok i spel, dans og song, med bra resultat.

Me har overnatta i klasserom, og hatt det kjekt på kappleikane.

Nokre ord om Elle's som har gjort det bra dette året. I kappspelkonkurransen kom dei til semifinalen som vart sendt i N.R.K./T.V.

Dei deltok og på landsfestivalen med brukbart resultat.

Dei vart kåra til årets Fylkestopp av N.R.K. Sogn og Fjordane.

GÅVER:

Lissens til Luster Nærradio - premietilskot til Fylkes - og Vestlandskappleik.

+ ein del blomster til jubilantar.

UTSENDINGAR TIL MØTER:

Helga og Anders møtte som utsendingar på Sogn og Fjordane Fylkeslag sitt årsmøte på Skei.

Dagrunn var utsending for laget på årsmøtet i LFS.

Lars var med på formannsmøte på Vestlandskappleiken.

YMSE MELDINGAR:

Rom på loftet i Samfunnshuset for lagring av instrument/utstyr, er kome med på kommunebudsjettet for 1994.

På styremøte 19/5-93 vart det vedteke å diskutere ein ide frå Dagrunn, "Tradisjonstreff over fjell og bre" kontra Livsstilsarrangementet.

På grunn av Utvandrarjubileet måtte me utsetja dette . Me vil oppmoda det nye styret om å halda ideen varm.

Etter søknad til Norges Sang og Musikkråd, fekk laget kr. 15.000.- til instrumentkjøp og kr. 5.000 til opplæring. Dette må nyttast i 1994.

Det er sendt søknad om tilskot til kurs/ opplæring for vårsesjonen 1994 - og til Luster Sparebank om gåve.

Astrid, Anders og Lars vil takke for oss, og me ynskjer det nye styret lukke til med arbeidet.

Syyret.